



Fritidsbustadundersøking

Fyresdal kommune 2023

Innholdsliste

Oppsummering

1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Fyresdal kommune heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Fyresdal kommune

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Fyresdal kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

9. Berekraft på reisemålet

9.1. Fyresdal kommune som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Fyresdal kommune som reisemål

Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Fyresdal kommune** sine haldningar og meiningar om Fyresdal kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 12% av alle eigarar av fritidsbustader i Fyresdal kommune, basert på ei undersøking med 168 respondentar.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgrupper, med 55,2% menn og 44,0% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (29,2%).
- Fritidsbustadeigarane på Kvipt, Våmur og Solliåsen står for størsteparten av svara.

2. Bruk og sesong:

- 76,2% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og påska er ei populær tid for bruk.
- Områda i Fyresdal kommune er godt tilrettelagde for sommar- og vinteraktivitetar.

3. Framtidig bruk:

- 57,8% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 36,7% planlegg å bruke den meir.
- 4,8% forventar å bruke den mindre, med hovudårsakar som auka straumprisar (37,5%) og auka kostnader generelt (12,5%)

4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til å eige fritidsbustad i Fyresdal kommune er å vere i naturen (82-92%). Andre viktige faktorar inkluderer passende avstand frå heimen (63%) eller at dei har overteke/arva fritidsbustad (40%)

- Over 85% meiner at vandreturar på eige hand er ei svært eller ganske relevant årsak til å eige ei fritidsbustad i Fyresdal kommune.

5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- 78% meiner det er *svært* viktig å vere i naturen
- Aktivitetar som langrenn (69,4%) og fiske (68,3%) er populært
- Mange er nøgde med tilrettelegging for avfallshandtering og sortering, breiband, og mobildekning, men andre aspekt som tilbod av lokalmat i butikkane og ladestasjonar for el-bil får meir varierte svar.

6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 11,3% meiner det er for mange fritidsbustader i Fyresdal kommune, medan 48,2% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- Majoriteten meiner at Fyresdal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolkning (92,7%).
- Interesse for å gjere energisparande tiltak er god (47,3%), med bruk av LED-pærer og redusert innetemperatur som dei mest populære tiltaka.
- 28,0% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge.

7. Oppleving av reisemålet:

- Mange er nøgde med opplevinga av Fyresdal kommune som reisemål. 92% gjev reisemålet poeng mellom 7-10, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.)



1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultatene fra ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustad i Fyresdal kommune.

Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023.

Fyresdal kommunen er, med sine 1234 innbyggjarar, den minste i innbyggjartal av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Totalt har 168 respondentar svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 1409 fritidsbustader i Fyresdal kommune.² Det vil seie at omlag 12% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga. 10% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Fyresdal kommune

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommuneadministrasjonen var hjelpesam med oversikt over grunneigarar og utbyggjarar. Kontaktpersonane har vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i dei ulike fritidsbustadområda blei også i stor grad nytta.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisere seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ynskjer å arbeide systematisk og langsiktig

med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

·Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svare på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Fyresdal kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.

1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader i Fyresdal kommune er ganske stor. Det er 1,14 fritidsbustader pr. innbyggjar i Fyresdal kommune.³

Kommunen har omkring 1409 fritidsbustader. Fyresdal kommune er ein av kommunane i Vest-Telemark som ikkje har hatt så stor auke i fritidsbustader dei siste ti åra. Med 6% endring av tal fritidsbustader frå 2012-2023 er Fyresdal den kommunen i Vest-Telemark med nest minst endring i tal fritidsbygg dei siste 10 åra (sjå tabell 1).

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for Fyresdal kommune, kor fleirtalet av respondentar eig fritidsbustad i områda:

Kvipt

Våmur


Solliåsen

Øvre Birtedalen

Kilegrend

Gausvatn

³ Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4 Hytteturisme



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar or. Kommune (SSB)

	Innbyggjarar		Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023	2012		
Seljord	2961	1461	1457	1461	-0,27 %	0,49
Kviteseid	2446	994	1306	994	31 %	0,53
Nissedal	1459	2117	2588	2117	22 %	1,77
Fyresdal	1234	1327	1409	1327	6 %	1,14
Tokke	2201	1288	1383	1288	7 %	0,63
Vinje	3858	4343	5824	4343	34 %	1,51
Sum	14159	11530	13967	11530	21 %	0,98

Tabell 1: Utvikling i tal feriebusstader pr. kommune i perioden 2012-2023 (SSB)



2. Om respondentane





2.1 Respons

Totalt 168 personar opna undersøkinga. Av totalt 1409 fritidsbustader i Fyresdal kommune utgjer dette 12% av alle eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁴ på 95% får me ein feilmargin på 7%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 53% og 67% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.

⁴Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfald av respondentar:

Kjønn:


- 55,2% av respondentane er menn
- 44,0% er kvinner

Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjør ein del på 29,2%
- 25,0% er i aldersgruppa 40-49 år
- 26,2% i aldersgruppa 60-69 år

Bustad:

- 35,5% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 35,5% er frå Agder fylke
- 9,9% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 5,3% er frå tidlegare Akershus fylke
- 4,6% er frå Oslo fylke
- 2,6% er frå tidlegare Buskerud fylke
- 2,6% er frå Rogaland fylke
- 2,0% er frå tidlegare Østfold fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 152)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 168)



3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidsbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.


Om lag 9% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Fyresdal kommune. Respondentane som eig fritidsbustad i Fyresdal gav mange ulike svar for kvar fritidsbustaden ligg i kommunen. Sjå oversikt på neste side.

Kommunen var hjelpsme med kontaktinformasjon til utbyggjarar og grunneigarar, men flest svar blei henta inn ved hjelp av Facebook-grupper knytt til hyttevel og hytteområde. I Fyresdal kommune er **Øvre Birtedalen, Kvipt og Våmur (?)** dei områda med størst tal og tettleik av fritidsbustader.


25 respondentar eig fritidsbustad på Kvipt.

12 respondentar eig fritidsbustad i Solliåsen

130 respondentar eig fritidsbustad andre stader i Fyresdal kommune. Sjå ein fullstendig oversikt over svara i tabell 2 på neste side.




Figur 4: I kva for ein kommune i Vest-Telemark har du eller familien din fritidsbustad? (N = 1951)



Figur 5: Kvar i Fyresdal kommune har du fritidsbustad? (N = 168)

3.1. Fritidbustadområde

Eit fleirtal av respondentane svara «Anna». Sjå tabell 2 for komplett oversikt over svara. Figur 6 viser områda som blei nemnd flest gonger.



Figur 6: Kvar i Fyresdal kommune har du fritidsbustad?
(N = 130)

Birtedalen	6
Birtesanden	2
Bjorhustjønn	2
Borggrend	2
Brutjønn	2
Fisketjønn	2
Fjellgardane	6
Gausvatn	7
Griddalen	5
Hauggrend	2
Husstøyl	3
Kilegrend	8
Kleivane	1
Kleivgrend	2
Kvislåni	1
Kvitflogvegen	1
Mjåvatn	1
Momrak	1
Nedre Birtedalen	1
Nedrebø	1
Nesvatn	3
Roan	1
Sentrum	2
Sitjegrend	1
Solliåsen	1
Stuvestøyl	2
Sundbekk	2
Sundodden	1
Sørbygda	2
Torsdalen	1
Tveråberga	1
Vestkanten	2
Vestre Nape	1
Vestsida	1
Veum	2
Våmur	18
Øvre Birtedalen	8
Øyervassøya	1
Åsen	11
Åslandsgrend	2

Tabell 2: Kvar i Fyresdal kommune har du fritidsbustad? (N = 130)


4. Bruk av fritidsbustaden



4.1. Fyresdal kommune heile året

På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 76,2% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Fyresdal kommune har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er mange som nyttar fritidsbustaden i påska (23,8%), på sommaren, juni til august (21,4%), langhelger (20,8%) og på hausten, september til november (19,6%).




Figur 7: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (Fleirval) (N=168)

4.2 Brukarar og bruksfrekvens


I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer 39,3% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 45,8% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 21,4% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 12,0% som har med seg eit barn, 33,1% som har med 2 barn, og 28,6% har ikkje med seg barn i fritidsbustaden.



Figur 8: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=168)




Figur 9: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 168)

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnader ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken til eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark. 57,8% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 36,7% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

8 respondentar svara at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer 4,8% av alle som svara på spørsmålet.




Figur 10: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida? (N =166)


4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 54,1% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. 23,0% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphald i fritidsbustaden. 21,3% har born som veks til og flytter heimanfrå. Det medverkar til auka bruk av fritidsbustaden.

37,5% av fritidsinnbyggjarane som ser føre seg *mindre* bruk av fritidsbustaden i framtida oppgjev at auka straumprisar er årsak til mindre bruk. 12,5 oppgjev at grunnen er auka kostnader generelt.



Figur 11: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 61)



Figur 12: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 8)




5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustad kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma i Vest-Telemark, men det er det ingen lokale utleigefirma i Fyresdal kommune.

I Fyresdal kommune er det 3% som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


Av 155 svar kan 133 respondentar (72,9%) ikkje tenkje seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 13 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=163)



Figur 14 Kan du tenkje deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=155)



Figur 15 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=5)



6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod


6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Fyresdal kommune

Det er naturen og turområda i Fyresdal, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i kommunen. Det oppgjev 82,3-92,8% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (63,1%).

31,6% meiner at aktivitetstilbodet i Fyresdal kommune er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark.

62,1% svarer at skianlegget er ein ganske lite eller svært lite relevant grunn til å ha fritidsbustad i Fyresdal. Det er ikkje noko alpinanlegg i Fyresdal kommune, men fleire område med godt tilrettelagde langrennsløyper.

40,6% meiner at det å ha overteke/arva fritidsbustad i Fyresdal kommune er svært *lite* relevant grunn til å eige fritidsbustad i Fyresdal. 32,5% meiner det er svært relevant.



Figur 16 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Fyresdal kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=166)

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Fyresdal kommune?

«Oppkjørte skiløyper, og uberørt natur, mulighet for padling.»

«Vært her siden ungdom.»

«Turistforeningsløyper og hytter.»

«Fine natur og Gilde folk. Passelig størrelse på bygda. Godt tilbud på tross av få innbyggere.»

«Stillheten. At det nettopp ikke er skianlegg i nærheten.»

«Arvet familiehytte, men kunne gjerne hatt hytte her uavhengig av det.»

«Naturen, fiske, bærtur, stillhet og ro.»

«At naturen blir ryddet. At det ikke gror vilt.»

«Helheten i området.»

«Foreløpig en del uberørt natur, men ser at det blir stadig mer ødeleggelse av natur med støtte fra kommunen.»



Foto: Fyresdal kommune



Figur 17: Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Fyresdal kommune? (N = 51)


6.2 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

Av dei 168 svara på spørsmålet om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 95,1% at hovudårsaka er å nytte roa. Av dei meiner heile 76,2% svarer at det er *svært viktig* å nytte roa.

85,5% svarar at det er svært eller ganske viktig å vere saman med familie og vener.

Det er nesten like viktig å vere aktiv i naturen på sommaren, det meiner 84,0%. 81,6% meiner det er ganske eller svært viktig å vere aktiv i naturen på vinteren.

66,7% svarer at organiserte aktivitetar er ganske eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt.



Figur 18: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=167) (Fleival)

6.3 Aktivitetar og opplevingar


Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Fyresdal kommune er å vere i naturen. 78,0% meiner det er ein *svært* viktig aktivitet. 17,9% meiner det er *ganske* viktig.

Vandreturar på eiga hand er meir populært (85,4%) enn langrenn (69,4%) og fiske (68,3%).

41,9% svarer at lokale matopplevingar ein ganske eller svært viktig aktivitet.



Foto: Birtedalen sti og løypelag



Figur 19: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Fyresdal kommune? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1865)



Foto: Yngve Ask

6.3 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Fyresdal kommune svarer 47,7% at betre informasjon er ein viktig faktor. 32,9% meiner at tilboda kunne vore betre. 25,5% svarer «Anna» og har kome med kommentarar som:

«Når det blir mere liv og røre i Fyresdal sentrum.»

«Bedre veg.»

«Intet. Får opplevd det jeg ønsker der.»


«Trenger alpinanlegg.»

«Ønske om løypemaskin for bedre skiløyper.»

«Utbedring av fylkesveien fra Tjørull til sentrum. Nå er den så dårlig at den snart ikke er kjørbær med vanlig bil.»

«Skulle gjerne bruka det meir men har ofte ikkje tid da eg heller prioriterar tid med familie.»

«Det er bra som det er.»




Figur 20: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Fyresdal kommune (N = 149)



7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 21: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Fyresdal kommune? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikkje relevant (N = 1875)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:

- 80,4% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 64,0% er ganske/svært nøgd med parkeringstilbodet.
- 61,6% er ganske/svært nøgd med skilting, informasjonstavler og tilrettelegging av vandreruter.
- 59,4% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast.
- 33,2% er ganske/svært *misnøgde* med breiband/fiber/mobildekning

På dei resterande spørsmåla svarer meir enn 45% at dei er nøytrale til spørsmålet eller at det ikkje er relevant i deira tilfelle.

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er i følgjande påstandar knytt til si oppleving av lokalsamfunnet, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema.


Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv.


7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 22: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 168)

7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 56,6% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 9,5% er ganske eller svært ueinige.
- 85,2% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkninga er positive til fritidsinnbyggjarane. 1,0% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 23: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar. (N=168)




Figur 24: Eg opplever at befolkninga i Fyresdal kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar (N =168)



Figur 25: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Fyresdal kommune er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=167)



Figur 26: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=166)



Figur 27: Eg er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=167)

7.2.2 Bedriftene som fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 75,4% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Vest-Telemark er serviceinnstilte.
- 34,3% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedrifter dei nyttar er miljøsertifiserte.
- 56,3% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

- 37,2% er ganske/svært einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 29,3% er nøytrale til at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 18,6% er ganske/svært ueinige.




Foto: Visit Telemark




Figur 28: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=167)

7.2.4 Omfang av fritidsbustader

- 41,1% er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Fyresdal kommune. 34,6% er svært eller ganske *ueinig* i at det er for mange fritidsbustader i kommunen.
- 27,4% er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda. 48,2% er svært eller ganske *einige* i at det bør stillest strengare krav.



Figur 29: Eg tykkjer det er for mange fritidsbustader i Fyresdal kommune (N=168)



Figur 30: Det bør stillast strengare krev til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N =168)



8. Innkjøp i lokalsamfunnet




8.1 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?

Ved lengre opphald svarer 68% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.


Ved helgeoppald svarer:

- 52% handlar heime før dei reiser
- 32% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 15% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg



- Heime før eg reiser (n=35)
- Undervegs, i annan kommune enn der fritidsbustaden er (n=15)
- I lokalområdet der fritidsbustaden er (n=115)
- Anna (spesifiser) (n=3)

Figur 31: Ved lengre opphald (N =168)




- Heime før eg reiser (n=88)
- Undervegs, i annan kommune enn der fritidsbustaden er (n=53)
- I lokalområdet der fritidsbustaden er (n=25)
- Anna (spesifiser) (n=2)

Figur 32: Ved helgeoppald (N = 168)



9. Berekraft på reisemålet





Figur 33: I kva grad er du einig i utsegna: Fyresdal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning (N = 168)

9.1. Fyresdal kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Fyresdal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning?


- 48% svarer at dei er svært einig i utsegna.
- 35% svarer at dei er litt einig i utsegna.
- 14% er nøytrale til utsegna.
- 2% er litt ueinige i utsegna.
- 1% er svært ueinige i utsegna.

9.2. Energisparing i fritidsbustaden


47,3% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjere energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (62,1%)
- Reduksjon av innetemperaturen (38,5%)
- 26,1% av respondentane har ikkje straum eller innlagd vatn i sin fritidsbustad.



Figur 34: Er du interessert i å gjere energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak (N = 165)




Figur 35: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 161)

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden


Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til fritidsbustaden var eit fleirvals spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 81,5% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 28,0% bruker elektrisk bil.

84,3% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden med kollektivtransport i Fyresdal kommune.

9,6% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast transportløyisingar som gjer at ein kjem frå fritidsbustaden og til butikken eller andre stader ein treng/ønskjer.



Figur 36: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=168)



Figur 37: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=166)




10. Den samla
opplevinga av
reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Fyresdal kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Fyresdal kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 62% er svært ueinige i utsegna
- 24% er ganske ueinige i utsegna
- 3% er ganske einige i utsegna
- 1% er svært einige i utsegna




Figur 38: I kva grad er du einig i utsegna: Fyresdal kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N=168)

10.1. Den samla opplevinga av Fyresdal kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Fyresdal kommune? Her er 53,6% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 38,7% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 7,7% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 39: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Fyresdal kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd). (N=168)



11. Andre tilbakemeldingar

